

**VALNEMNDA SI INNSTILLING TIL STYRET I ASVO MÅLØY AS***Deknepollen, 2. mai 2022*

Her følgjer valnemnda si innstilling:

<b>Verv</b>	<b>Namn</b>	<b>På val</b>
Styreleiar/styremedlem	Ingolf Bergh	Veljast som styreleiar til 2023. Veljast som styremedlem til 2023.
Nestleiar/styremedlem	Jeanett Jensen	Veljast som nestleiar til 2023. Veljast som styremedlem til 2024.
Styremedlem	Marian Sjaastad	Veljast som styremedlem til 2024.
Styremedlem	Rune Kristensen	På val i 2023.
Styremedlem og representant for dei tilsette	Laila Johansen	På val i 2023*.
Første vara	Eva Marie Pleym	Veljast som første vara til 2024.
Andre vara	Daniel Færeststrand Haugen	Veljast som andre vara til 2023.
Vara for dei tilsette	John Inge Våge	På val i 2023*.
<i>*Val av representant for dei tilsette vert organisert av ASVO Måløy AS.</i>		

**Kommentar til innstillinga**

Valnemnda har valt å innstille Ingolf Bergh som styremedlem berre fram til 2023 slik at ikkje det vert eit stort overtal av styremedlemmer som er på val på same tid. Dette er gjort i samråd og forståing med styreleiaren. Likeeins har vi valt å innstille Daniel Færeststrand Haugen som andre vara berre eitt år med den same grunngjevinga.

**Kommentar til samansetnaden av kompetanse i styret**

Valnemnda for ASVO Måløy er opptekne av å sette saman eit styre med relevant kompetanse og motivasjon for å gjere ein god jobb for denne viktige og flotte verksemda. Diverre er det ikkje stor konkurranse om å sitte i slike styre, så det krev ekstra innsats for å sikre kompetanse og kontinuitet. Heldigvis har vi klart å finne fram til ein god miks av kompetanse, alder, kjønn og interessefelt som gjer at styret har fungert godt som medhjelpar og sparringpartner for den daglege leiinga.

Det første vi har sett etter er at kandidaten har interesse for verksemda og det verksemda styrer med. ASVO Måløy gjer ein av dei viktigaste samfunnsoppgåvene i Kinn kommune, og då er det viktig å ha kandidatar som tek ansvaret og rolla på alvor. Vi har ønska kandidatar som ønskjer å engasjere seg i verksemda og som utgjer ein skilnad for utføringa av oppgåvene til verksemda.

Det har vore viktig for oss å finne kandidatar som har erfaring frå leiing, og vi har difor kandidatar som kjenner leiing frå både kommunal og privat sektor. I skjæringspunktet mellom privat og offentleg sektor ligg det mykje god kunnskap som kjem verksemda til gode. Heilt spesifikt har vi vore interessert i å få folk med erfaring frå personaleiing, sidan ASVO Måløy først og fremst er ei bedrift av, med og for folk. Her meiner vi vi har treft godt med samansetninga.

Økonomi spelar alltid ei viktig rolle i ei verksemd, og vi har ønska å ha breidde i styret når det kjem til kompetanse frå drift av verksemd og styring av sunne organisasjonar. Styret reflekterer ei fin breidde på dette området frå både privat og offentleg sektor.

Som ein tenesteleverandør til NAV, så har det vore viktig å ha god kompetanse på marknadsforståinga for oppdraget ein utfører. I tillegg har vi leita etter kandidatar som har marknadsforståing for varene og tenestene som selskapet leverer, og her har vi funne ein fin balanse med kompetanse i styret som gjer at ASVO Måløy treff marknaden med arbeidet dei gjer på ein god måte.

Vi har lagt vekt på å rekruttere kandidatar med breie nettverk i mange ulike samfunnsområde, så totalen av nettverket i dette styret må seiast å vere enormt. Dette kjem bedrifta til gode både i det å kunne knyte til seg ekstern kompetanse, skape forståing for samfunnsoppgåva til ASVO Måløy og ikkje minst sikre gode kandidatar både til oppgåver, stillingar og verv i organisasjonen.

Vi har òg sett på strategisk kompetanse som viktig i styret, sidan ei slik type bedrift må vere dynamisk og tilpassingsdyktig både til nye trendar, krav, politiske endringar og endra behov i kvardagen. Her har vi eit breitt samansett styre med ulik kompetanse på strategisk arbeid som sikrar naudsynt innsikt på området i samarbeid med dagleg leiing.

Totalt sett er valnemnda glade for alle som har takka ja til å vere med i dette viktige styrearbeidet.

#### **Valnemnda**

Geir Arne Solheim, leiar

Sidsel Kongsvik

Terese Gjerde